



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn - søknad om konsesjon - uttak av vatn frå Salbuelva - regulering av Ramsgrøvatnet - Hyllestad

Planlagt uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet til settefiskproduksjon ser ut til å få små konsekvensar for anadrom fisk og ål, føresett at vandringsvegen for ål blir oppretthalde. Vi påpeiker at kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt om eventuelle konsekvensar for vasstilknytt hekkefugl ved Ramsgrøvatnet.

Vi viser til høyringa av konsesjonssøknad for uttak av vatn frå Salbuelva og regulering av Ramsgrøvatnet.

Om tiltaket

Det er søkt om å ta ut inntil 167 l/s (9,9 prosent av middelvassføringa) frå Salbuelva, og om å få regulere Ramsgrøvatnet mellom kote 143,3 (LRV) og kote 145,0 (HRV). Planlagt minstevassføring er 102 l/s, som er alminneleg lågvassføring. Føremålet er å produsere 6000 tonn settefisk av laks og aure på industriområdet ved munninga til Salbuelva i Åfjorden. Dei ynskjer òg å ta ut vatn til å fylle brønnbåtar når vassføringa i Salbuelva tillèt det. Vassuttaket og reguleringa er den same som i vassdragskonsesjon frå 2020 som ikkje blei iverksett, og dermed er utgått, bortsett frå at inntaket er trekt noko lenger opp i Salbuelva, like oppstraums Kvifossen. Vassvegen vil gå i nedgrave røyr. Det må byggast noko mellombels anleggsveg, som skal tilbakeførast til naturtilstand (Ramsgrøvatnet) eller landbruksveg (Kvifossen).

Salbuelva er sjøauførande opp til Kvifossen, om lag 700 meter frå fjorden. Det er opplyst i søknaden at den gamle dammen ved Kvia har fungert som vandringshinder i meir enn hundre år, men at botnlukene no er opne slik at fisk kan passere. Det er òg ål i vassdraget.

Vår vurdering

I høyringsfråsegna vår til søknaden som låg til grunn for den no utgåtte konsesjonen, bad vi om å leggje til rette for at sjøauren skulle få vandre forbi inntakinntaksdammen i Kvia, og opp til det naturlege vandringshinderet.

I den nye konsesjonssøknaden er vassinntaket flytta til ovanfor det naturlege vandringshinderet for anadrom fisk. Vi oppfattar den nye søknaden slik at sjøaure og eventuell laks no kan vandre fritt opp



til Kvifossen, og at dette vil bli oppretthalde. Med planlagt vassuttak på maksimalt om lag ti prosent av middelvassføringa, og minstevassføring tilsvarande alminneleg lågvassføring, vurderer vi konsekvensane for anadrom fisk som små og akseptable.

Det er registrert ål i vassdraget, inkludert i Ramsgrøvatnet. Det må stillast vilkår om at å oppretthalde oppstraums og nedstraums vandring forbi dei nye damkonstruksjonane ved Kvifossen og Ramsgrøvatnet, slik det er tilrådd i naturmiljørapporten.

Innsjøar er funksjonsområde for ei rekkje vasstilknytte fuglearter. Det ligg fleire nyare registreringar av storlom i Artskart, og det er òg registrert smålom, andre andefuglar og strandsnipe. Ut frå registreringar og levevis er det førekomst av storlom som vil ha mest relevans i denne saka. Lommar er svært godt tilpassa livet i vatn, men kan ikkje bevege seg på land i særleg grad, og dei plasserer derfor reiret i vasskanten. Hekkinga går dermed som regel gale ved større vasstandsendingar i hekkesesongen, enten vasstanden går opp eller ned. Storlomen gjekk sterkt tilbake i Noreg, mellom anna som følgje av tidlegare kraftutbyggingar. Hekkebestanden er likevel rekna som stabil no, og storlom er derfor ikkje lenger på raudlista sjølv om den må reknast som fåtaleg.

Vi tolkar registreringane til at det ikkje er sikre hekkeobservasjonar av storlom ved Ramsgrøvatnet. Det er observert par i hekketida ved fleire høve, men det ligg ikkje inne registreringar av hekking eller ungar. Det går veg langs den eine halvdel av vatnet, medan den andre sida har relativt bratt terreng, og det er ingen holmar i vatnet. Vi vurderer at Ramsgrøvatnet truleg ikkje er så godt eigna som hekkelokalitet for storlom, men det kan heller ikkje slåast fast at arten ikkje hekkar der.

Naturmiljørapporten er basert på feltkartlegging 20. mai 2025. Dette er eit godt eigna tidspunkt til å kartleggje hekkefugl som eventuelt kan bli påverka av ei regulering. Konsekvensar for fugl ser likevel berre ut til å vere basert på ein sjekk i tilgjengelege databasar, og at «det ble ikke observert grunne områder som kan være viktige for f. eks vadefugl ved vannet». Ut frå førekomst av storlom, og registreringar av andre andearter og strandsnipe, meiner vi vatnet bør kartleggjast i hekkesesongen.

Vi legg til grunn at ei eventuell utbygging blir gjennomført med minst mogleg inngrep i naturmiljø og dyrka mark, og at området blir stelt til att etter moderne prinsipp basert på naturlege terrengstrukturar og naturleg frøbank.

Med helsing

Tore Larsen
seniorrådgjevar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hyllestad kommune
Vestland fylkeskommune

Kommunehuset
Postboks 7900

6957
5020

HYLLESTAD
BERGEN